

Standal, E. A. (2025). Å forstå og bruke lovtekst: Nokre erfaringar etter omlegging til kasusbasert undervisning og eksamen ved sosialarbeidarutdanningane ved Høgskulen i Volda. I R. Helde, A. Parmann & E. Suzen (Red.), *Undervisning i rettsvitenskap for de som ikke skal bli jurister* (s. 63–77). Fagbokforlaget. DOI: <https://doi.org/10.55669/oa540203>

Kapittel 3

Å forstå og bruke lovtekst

Nokre erfaringar etter omlegging til kasusbasert undervisning og eksamen ved sosialarbeidarutdanningane ved Høgskulen i Volda

Egil Arne Standal¹

¹ Høgskulen i Volda

Samandrag: Kapittelet tar for seg erfaringar etter omlegging frå «tradisjonell» til kasusbasert undervisning og eksamen i juss ved sosialarbeidarutdanningane ved Høgskulen i Volda frå våren 2021. Kapittelet tar utgangspunkt i kva krav sentrale forskrifter har sett til undervisning i metode og til å kunne anvende juss. Det forklarar korleis denne omlegginga vart gjennomført, og kvifor. Eit sentralt resultat er at det har blitt klart at studentane har vanskar med å forstå dei ulike elementa i lovtekst. Undervisningsopplegget må derfor ta sikte på at dei i tilstrekkeleg grad får øva seg på å finne og bruke nøkkelord og nøkkelomgrep i lovtekst.

Nøkkelord: kasusbasert undervisning, sosialarbeidarutdanning, å forstå lovtekst, å bruke lovtekst

Abstract: The chapter deals with experiences after changing the teaching of law to students of social work from a traditional teaching to a case-based teaching at Volda University College from the spring of 2021. The chapter explains what central statutes have said about the teaching of legal methods and how to solve legal problems for these students, how this change in teaching was done, and why. A central result is that it has become clear that the students have difficulties in understanding the various elements in written law, and that the teaching must focus on giving the students practice in finding and using key words and concepts in written law.

Keywords: case-based learning, social work education, to understand written law, to use written law

Innleiing

Ved Høgskulen i Volda har vi to treårige bachelorutdanningar i sosialt arbeid, som kvalifiserer til å bli barnevernspedagog eller sosionom. Det er omlag 120 studentar til saman per årskull på dei to utdanningane, vanlegvis litt fleire på sosionom enn på barnevernspedagog. Desse studentane skal bli beslutningstakarar. Dei skal tildele ytingar, pengar og tenester. Dei skal også beslutte tvang, mellom anna i barnevernet. Dei skal difor kunne ein del juss, og dei må kunne bruke jussen rett. Eg har vore tilsett som lærar i juss for desse utdanningane sidan 2009, som den eine av to juristar.

Vi har dei siste fire åra lagt om undervisninga i juss i desse utdanningane til å bli meir kasusbasert, med kasusbaserte arbeidskrav og kasusbasert eksamen. Tema for denne artikkelen er kva vi har gjort, og kvifor vi har gjort det. Spørsmåla om kva som ligg i *juridisk metode* og i å kunne *anvende* juss er sentrale.

Eg tar utgangspunkt i dei krava som styresmaktene har sett til desse utdanningane når det gjeld juss. Eg tar deretter for meg kva vi gjorde før, og kva vi gjer no. Eg tar deretter for meg *kvifor* denne omlegginga har blitt gjort, og kva vi håper å oppnå med denne. Det er ikkje så lett å *evaluere* verknaden av omlegginga, men nokre ord om dette blir det også til slutt.

Kva seier tidlegare og noverande forskrifter for desse utdanningane om juss?

Omlegginga av jussundervisninga kom i tilknytning til at det kom nye forskrifter for sosialarbeidarutdanningane i 2019, sett i verk frå studieåret 2020–2021.

Dei tidlegare forskriftene frå 2005 hadde eit avgrensa innhald. For både barnevernspedagog og sosionom sa forskriftene § 1 at det skulle vere «juridiske emner», med eit omfang på høvesvis 15 og 18 studiepoeng, i treårige bachelorutdanningar på til saman 180 studiepoeng. Begge forskriftene nemnde *juridisk metode*, slik: «Rettsystemet, juridisk metode og forvaltningsrett 9 studiepoeng». Resten av jussen var då fordelt på høvesvis «Barnevernrett og andre sentrale rettsområder 6 studiepoeng» og «Sosialrett og andre relevante

rettsområder 9 studiepoeng». Tilhørende *studieplanar* ved Høgskulen i Volda var lite spesifikke når det gjaldt jussen. Dei to *emneplanane* som hadde mest juss nemnde «juridisk metode», og her var eitt arbeidskrav i juss.

Dei nye forskriftene var langt meir spesifikke, for alle fag, også for juss. Ein gjekk bort frå å setje krav til studiepoeng, men det var ingenting som tilsa at jussen skulle nedprioriterast. Ein kan vel seie snarare tvert om, jf. NAV-skandalen og dommane mot Noreg i Den europeiske menneskerettsdomstolen i barnevernssaker.

Forskrifta for barnevernspedagogutdanning nemner mellom anna i § 4 b «bred kunnskap om gjeldende norsk og internasjonal rett som er relevant for barnevernsfeltet, og relevant *juridisk metode*», og i § 5 e «kan *anvende* relevant lovverk, regelverk og veiledere». Forskrifta for sosionomutdanning nemner mellom anna i § 4 f «kunnskap om relevant *juridisk metode* og sentral lovgivning innen velferdsforvaltning, herunder forvaltningsrett og lovgivning innen barne- og familierett, helse, omsorg, velferd og sosiale tjenester», i § 5 h «kjenner til menneskerettigheter og sentrale konvensjoner», og i § 8 c «kan *anvende* rettsregler ... og utøve juridisk og sosialfaglig skjønn i møte med ... brukere». (Mine uthevingar.) Begge forskriftene omtalar såleis både «juridisk metode», og brukar «anvende» juss, noko som er eit poeng i den vidare framstillinga.

Dei to studieplanane etter ny forskrift er heller ikkje særleg spesifikke når det gjeld jussen. Men dei nemner mellom anna «juridisk metode» og «anvende», som forskriftene.

Jussen utgjer altså i desse utdanningane rundt 15–18 studiepoeng av til saman 180 studiepoeng over tre år. Både tidlegare og noverande forskrifter seier elles at studentane skal ha både kunnskapar og ferdigheiter i juss: Grunnleggande *juridisk metode*, og juridiske kunnskapar om menneskerettar, forvaltningsrett, barne- og familierett, og mange spesifikke sosial- og velferdsrettslege tema, som barnevernsrett, trygderett, sosialrett, helserett, tvangsbestemmelsar. Og studentane skal kunne «anvende», bruke jussen. Vektlegginga av rettsområde er noko ulik for barnevernspedagog og sosionom, men svært mykje er likt og felles. Store delar av jussen kan dermed bli undervist samla for heile årskullet, for begge utdanningane. Dette har også blitt gjort ved Høgskulen i Volda.

Dei nye forskriftene førte til ein god del omleggingar av studiet. I prosessen fekk vi gjennomslag for å innføre eit eige juss-emne i studiet, på 10 studiepoeng, i første klasse, andre semester, med eigen skriftleg eksamen. Emnet er

eit fellesemne for begge utdanningane, altså både for barnevernspedagog og sosionom. Dette juss-emnet har no blitt gjennomført fire gongar, i vårhalvåret 2021 til 2024. I tillegg har studentane ein del juss i det andre og tredje studieåret, etter meir tradisjonell modell.

Kva gjorde vi før?

Fram til 2020 var juss-undervisninga integrert i den øvrige undervisninga i emne som omfatta fleire fag. Undervisninga var for ein stor del relativt teoretisk, med *gjennomgang* av juridisk metode, og *gjennomgang* av dei relevante rettsreglane. Likevel med ein god del bruk av kasus-spørsmål og kasus-oppgåver for å bidra til forståing for juridisk metode. Det vart gitt eksamensoppgåver i juss, men ikkje nødvendigvis kvart år, og eksamensoppgåvene i juss kunne vere relativt teoretiske. Berre dei siste åra vart det gitt arbeidskrav og/eller eksamensoppgåver som var kasusbaserte, og der praktisk juridisk metode kunne lærast og øvast på.

Kva seier emneplanen for det nye juss-emnet?

Emneplanen for dette nye juss-emnet omtalar juridisk metode og sentrale rettsområde slik:

Emnet gir innføring i juridisk metode og rettssystem, forvaltningsrett, velferdsrett og barnevernrett, og innføring i sentrale juridiske område som menneskerettar og barne- og familierett. Emnet gir såleis grunnleggande kunnskap om rettsreglar som inneheld rettar og plikter som har tyding for den enkelte sin velferd. Velferdslovgjevinga skal sikre at dei som har behov for ytingar og tenester får innvilga det som dei har rett på. Velferdslovgjevinga inneheld også reglar om tvang.

Både for ytingar og tvang er rettstryggleik grunnleggande. Kunnskap om og øving i juridisk metode og sakshandsamingsreglane i forvaltningsretten blir dermed viktig, og noko som emnet legg særleg vekt på: Å kunne finne fram til, tolke og bruke relevante rettskjelder på konkrete juridiske barnevernsfaglege og sosialfaglege problemstillingar.

Kunnskapar: «har kunnskap om grunnleggande juridisk metode».

Ferdigheiter: «kan finne fram til relevant lovverk og andre rettskjelder», «kan fastslå innholdet i ein rettsregel ved bruk av juridisk metode», og «kan drøfte og avgjere juridiske problemstillingar i praktiske tilfelle».

Generell kompetanse: «har eit juridisk grunnlag for å kunne planlegge, gjennomføre, dokumentere, evaluere og formidle tiltak og tenester».

Under «praktisk organisering og arbeidsmåtar» framkjem mellom anna dette:

I emnet vert det brukt fleire arbeidsmåtar: Undervisning, sjølvstudie, seminar og arbeid med individuelle oppgåver og gruppearbeid. Undervisninga er ein kombinasjon av førelesingar og studentaktive læringselement gjennom løysing av oppgåver og arbeid med kasus.

Arbeidskrav, mellom anna: «kurs i bruk av juridisk metode, med bruk av lov-samling og Lovdata», og «individuell arbeidskrav som kan bli delt i to mindre arbeidskrav». Emneplanen er i så måte bra tydeleg om krav til *metode* og om krav til å skulle kunne *anvende* juss.

Kva har vi gjort dei fire siste åra?

Vi har prøvd å få til meir og betre opplæring i metode og i å anvende juss. 10 studiepoeng er ikkje mykje, og å skulle lære dette i løpet av ca. 8 veker er ambisiøst. Vi fekk samla ein stor del av jussen i eitt emne. Dette bidro til at vi hadde mange fleire sentrale bestemmelsar og eksempel å bruke, både for metode og for forvaltningsretten. Krava til saksbehandling i forvaltningslova

kunne knytast til eksempel frå resten av pensum, som barnevern, trygderett, sosialrett osv. «Metode» og «anvende» kunne koplast til konkrete eksempel frå mange ulike bestemmelsar.

Undervisninga vart lagt om til i stort omfang å bruke kasus og arbeide med kasus, med vektlegging av krava som juridisk metode set til korleis kasus skal løysast. Det har blitt undervist i korleis det skal gjerast og korleis det ikkje skal gjerast, og kva som er vanlege problem. Det har blitt lagt ut mange kasus, henta frå ulike kjelder, med sensorretteiingar og «fasit»-svar alt etter som. Det har blitt lagt ut modelltekstar, både om korleis dette skal gjerast, og korleis ikkje. Siste undervisningsdag har det blitt halde ein «prøve-eksamen» på tre timar, som har blitt gjennomgått i plenum etterpå.

Eit sentralt grep er at vi har to individuelle arbeidskrav. Desse vart dei tre første åra gitt som ei oppgåve om rettskjelder og ei kasusoppgåve. No siste året ga vi to kasusoppgåver, den eine forvaltningsrettsleg, den andre med tema frå velferdsretten, mellom anna helserett og barnevernsrett. Vi legg lista bra høgt for godkjenning. Meir enn halvparten av studentane må levere på nytt, men først etter å ha fått nokså grundig tilbakemelding om kva som manglar og kva som må gjerast for å få godkjent. Arbeidskrava er dermed nokså tid- og arbeidskrevjande for lærarane. Det er elles eit poeng at det berre er juristar som gir tilbakemeldingane. Dei er kjende med krava til juridiske praktikumsoppgåver.

Endeleg har eksamen blitt lagt om til å vere kasusbasert. Dei tre første åra hadde vi to delar. Første del besto av eit tradisjonelt kasus, med problemstillingar som skulle drøftast. Andre del besto av eit kasus, der ein brukar hadde ulike problem, og der det var nok å finne relevante bestemmelsar som kunne vere til hjelp, og forklare kvifor dei var relevante. I 2024 har vi prøvd med fullt ut tradisjonell praktikums-eksamen, der alle spørsmåla skal drøftast. Eksamen er ein fire timars skriftleg skuleeksamen.

Kva meiner vi så med «metode» og å «anvende» juss?

I undervisninga følgjer vi vanleg oppbygging av juridisk argumentasjon, slik dette blir framstilt i artiklar og lærebøker om metode og juridisk argu-

mentasjon. Eit samandrag av dette finst hos Farsethås (2021). Bruk av juss startar i så måte med eit problem frå verkelegheita, frå fakta-sida om ein vil, ei hending eller ein situasjon. Eit eksempel: Eit lite barn har foreldre med eit betydeleg rusproblem.

Det første steget vil då vere å formulere ei hovudproblemstilling. For eksempel: «Er det grunnlag for omsorgsovertaking?»

Neste steg vil vere å finne og gjere greie for rettsleg (hovud)-grunnlag. Kva rettsleg grunnlag som er relevant, avheng av dei nærare omstenda i situasjonen eller kasuset. I velferdsretten er dette regelmessig ein lovbestemmelse. I eksempelet vil dette vere barnevernslova (bvl.) § 5-1.

Allereie her oppstår det eit problem, for barnevernslova § 5-1 inneheld minst fire kumulative vilkår som alle må vere oppfylt. Viss ikkje får barnevernstenesta ikkje medhald i ei sak om omsorgsovertaking for barnevernsnemnda. Dei fire vilkåra er oftast: Første ledd bokstav a) «alvorlige mangler ved den omsorgen barnet får»; at «mindre inngripende tiltak ikke kan skape tilfredsstillende forhold for barnet», altså at hjelpetiltak må vere utprøvd eller vurdert; at det er «nødvendig ut fra barnets situasjon»; og så kjem det vanskelegaste, vilkåret som ligg i det vesle ordet «kan» i tvangsbestemmelsane. Her at barnevernsnemnda «kan» treffe vedtak. Dette fjerde og siste vilkåret er ei vising til ei avsluttande totalvurdering av barnets situasjon, som også like gjerne kan knytast til ein annan paragraf i barnevernslova, § 1-3 om at «barnets beste» skal vere eit «grunnleggende hensyn». Det kan også vere andre vilkår som ikkje står i den sentrale bestemmelsen, her bvl. § 5-1. For eksempel kravet til sakshandsaming som ligg i bvl. § 1-4 om at barnets meining skal innhentast. Dette er eit eksempel på eit vilkår som ikkje er relevant i ei sak med eit svært lite barn, fordi det står i bvl. § 1-4 at barnet må forstå kva saka gjeld. Dette då som ein illustrasjon av kor komplisert dette med fleire kumulative vilkår kan vere.

For kvart enkelt vilkår må ein deretter foreta ein juridisk argumentasjon, i tur og orden for alle vilkåra:

- Formulere (under)-problemstilling: Er dette vilkåret oppfylt?
- Formulere kva bestemmelsen seier.
- Tolke den aktuelle bestemmelsen.
- Foreta bevisvurdering av faktum: Dette er vanlegvis ikkje nødvendig i kausoppgåver, men er regelmessig avgjerande viktig i det praktiske rettslivet.

- Drøfte formulert rettsregel opp mot faktum, altså subsumsjon.
- Konkludere.

Somme vilkår vil vere enkle å handsame, med korte drøftingar, eller rett og slett at ein slår fast at vilkåret (klart) er oppfylt, eller ikkje oppfylt. Andre vilkår vil krevje grundige tolkingar av den aktuelle bestemmelsen, og lengre drøftingar. Til slutt skal ein konkludere for hovudproblemstillinga.

Eit eksempel på problemstillingar som melder seg i drøftingane, og som må lærast: Høgsterett har i ei barnevernssak sagt om den tilsvarande dåverande bestemmelsen om omsorgsovertaking: «de kumulative vilkår rommer vurderingstemaer som i praksis nok i noen grad glir over i hverandre» (Rt-1982-764 på side 770). Altså at dei same opplysningane frå kasus eller sak kan vere relevante for fleire vilkår, og kan og skal brukast i argumentasjonen for kvart av vilkåra. Dette må gjelde generelt for bestemmelsar som inneheld kumulative vilkår. I eksempelet vil opplysningar om omfanget av foreldras rusbruk vere relevante både for vilkåret «alvorlige mangler ved den omsorgen barnet får», og «nødvendig». Etter omstenda kan ein då vise til tidlegare drøfting, eventuelt til delar av den.

Kva faktum som skal leggest til grunn for beslutningar er naturlegvis avgjerande viktig. Dette får ein svært viktig konsekvens i verkelege saker, noko som blir sterkt understreka overfor studentane: *Kumulative vilkår stiller krav til yrkesutøverane*. Det er yrkesutøverane som i sitt daglege arbeid må syte for at det ligg føre opplysningar som dekker krava til kvart enkelt av vilkåra. Viss ikkje dette blir gjort, vil konsekvensen kunne bli at barnevernstenesta ikkje får medhald i ei sak for barnevernsnemnda. For eksempel fordi dei ikkje i tilstrekkeleg grad har dokumentert det arbeidet dei har gjort med å få til hjelpetiltak. Det er blant anna dette som er «praksissjokket»: Dei sterke krava til dokumentasjon av alt som er vesentleg, for eksempel at ein forsøkte gjentekne gongar å ta kontakt med foreldra om hjelpetiltak, når og korleis.

I tillegg til kumulative vilkår inneheld bestemmelsar i velferdsretten regelmessig *alternative* vilkår. Det er nok at eitt vilkår er oppfylt, for eksempel bvl. § 5-1 første ledd bokstav c), at det kan vedtakast omsorgsovertaking viss barnet blir «mishandlet» eller «utsatt for andre alvorlige overgrep». Både å finne dei relevante vilkåra og å sortere mellom kumulative og alternative vilkår kan vere krevjande for rettsanvendarar. For alternative vilkår ser vi eit anna problem: At studentane slår dei alternative vilkåra saman til ei vurdering.

Eit eksempel er at dei slår saman vurderinga av kven som er «part», forvaltningslova § 2 e) «person som en avgjørelse retter seg mot *eller* som saken ellers direkte gjelder», og foretar ei samla drøfting av dette. Dette er to ulike vilkår, som skal behandlast eitt om gongen.

Bestemmelsar i velferdsretten om både ytingar og tvang inneheld også ein del andre faktorar som kan vere avgjerande viktige i konkrete saker. Her er beviskrav, for eksempel det skjerpa beviskravet «overveiende sannsynlig» i bvl. § 5-1 første ledd bokstav d) om omsorgsovertaking etter ei framtidsvurdering. Lovtekst inneheld definisjonar, visingar til andre bestemmelsar, momentlister og anna som skal takast omsyn til i løysing av praktiske juridiske problem. Dette som eksempel på kva vanskar studentar og andre rettsanvendarar kjem bort i, når kasus eller verkelege saker skal takast stilling til. Dette då også som eksempel på sentrale tema som blir tatt opp og brukt tid på i undervisninga, i arbeidet med dei mange kasusa.

Kvifor har vi gjort desse omleggingane til meir kasusbasert undervisning, arbeidskrav og eksamen?

Kva som ligg i «juridisk metode» og «anvende» juss er ikkje klart. Det har nok både blitt oppfatta og praktisert temmeleg ulikt i dei 13 utdanningsinstitusjonane som tilbyr desse utdanningane. Både tidlegare og noverande forskrifter gir i så måte institusjonane og fagpersonellet ganske stor fridom til å utforme juss-undervisninga etter kva ein finn føremålstenleg. Spørsmålet er kva formålet med juss-undervisninga skal vere. Kva er viktig? Kva bør studentane kunne?

Dei utdanningane som vi her snakkar om, barnevernspedagog og sosionom, er klare eksempel på at studentane etter ein treårig bachelor kjem i yrkesroller der dei skal bli rettsanvendarar. Dei får stort juridisk ansvar, blant anna i barnevern og NAV. For eksempel for omsorgsovertaking, tvang på barnevernsinstitusjonar og tildeling av ytingar, både pengar og tenester, og uansett etter mange ulike og til dels komplekse bestemmelsar. Dei må dermed både ha juridiske kunnskapar, og dei må ha ferdigheiter: «metode», «anvende». Juss er i så måte eit svært praktisk fag, der rettsreglar er basis for beslutningar.

Begge delar basert på vilkår i lovbestemmelsar, basert på faktiske situasjonar og basert på krav til saksbehandling.

Fleire undersøkingar peikar på ulike former for svikt når ikkje-juristar i forvaltninga skal gjere beslutningar (Kane, 2020; Dahlen & Langsrud, 2021). Eg har deltatt i utviklinga av og sensuren av den nye nasjonale deleksamenen i juss for masterane i barnevern og barnevernsarbeid som kom frå hausten 2022. Denne er kasusbasert, med tema barnevern, saksbehandling og metode, med relativt høg strykprosent: Ordinær eksamen i desember 2022 43 % strykt, desember 2023 46 % strykt (Skeidsvoll, 2024). Kravet til både studentar og yrkesutøvarar er at dei skal kunne bruke jussen i konkrete saker.

Eg har oppfatta det som eit problem med det tidlegare opplegget at det vart for «laust» når det gjaldt nokre sentrale juridisk metodiske problem, som at lovbestemmelsar regelmessig inneheld fleire vilkår, alternative og kumulative. I den grad dette vart prøvd, så såg vi at studentane hadde vanskar med å finne vilkåra, og dei hadde vanskar med å drøfte kvart vilkår opp mot opplysningane i kasuset. Dette framkjem også i ettertid, av svara på arbeidskrav og eksamensoppgåver, og av svara på nasjonal deleksamen i juss, nemnt over. Det er dessutan som over nemnt mangt anna i lovtekstar enn vilkår, som må forståast, og som er relevant for å kunne svare på praktiske juridiske spørsmål. Det kan vere beviskrav, det kan vere momentlister, det kan vere visingar til andre paragrafar, det kan vere begrep som er definert ein annan plass, mv. Dette kan formulerast som at dei ikkje *forstår* det som står i bestemmelsane. Det handlar nok i stor grad om at dei ikkje har øva nok, og ikkje øva spesifikt nok på det som dei skal kunne og gjere.

Eit av problema er kva som ligg i «juridisk metode». Dette kan oppfattast som tradisjonell rettskjeldelære, som til dels kan vere temmeleg teoretisk. Ein lærer om rettskjeldefaktorar, tolking, subsumsjon, relevans, slutning og vekt, om *lex superior* og *lex specialis*, om analogisk og antitetisk bruk, innskrenkande og utvidande tolking, og anna frå rettskjeldelæra. Dette er vel og bra, og eit heilt nødvendig grunnlag for rettsanvendelse. Men kunnskap om metode hjelper lite når problemet er mangelfull forståing av lovtekst. Altså at det grunnleggande «handverket», forståinga av kva som faktisk står i lovteksta, ikkje er på plass.

Studentane kan ha lært nokre omgrep, og nokre eksempel, men utan nødvendigvis å få forståing av dei konkret praktiske konsekvensane av det dei har lært. Problemet er i så måte på eit meir grunnleggande plan. Det er vanskeleg å lese og forstå lovtekstene i velferdsretten. Ein må som sagt øve på det.

Eit heilt grunnleggande problem med å lære juss er at lovtekst kan vere vanskeleg å lese og forstå. Lovtekst er kompakt og abstrakt, og kvart ord kan ha stor tyding. Lovtekst kan i så måte ikkje lesast som anna tekst, men må dissekerast og analyserast ord for ord og setning for setning. Både i pensum og i undervisning blir gjerne bestemmelsane gjennomgått, men utan at dei ulike elementa i bestemmelsane blir knytta til verkelege situasjonar der elementa har tyding. Det blir forklart at det ligg føre vilkår slik og sånn, og beviskrav, og moment, men utan at ein får fram kva dette har å seie i det verkelege liv. Og ikkje minst, utan at ein får kobla eit konkret innhald frå det verkelege liv til desse mange elementa i lovtekst. Altså ei tilnærming til jussen som er abstrakt og vanskeleg å få tak på. Juss må, som andre fag, forståast.

Eit eksempel kan vere klageadgang etter forvaltningslova (fvl.) § 28: «Enkeltvedtak kan påklages av en part ...». Både «enkeltvedtak» og «part» inneheld vilkår for å klage, men kva betyr dette?

Juss er i så måte i utgangspunktet konkret. Ein kan seie at juss alltid startar med ein faktisk situasjon, eit problem. Eit kasus om klage kan dermed vere: «Ole Olsen har fått avslag på støtte til livsopphald, sosialtjenestelova § 18.» Den juridiske problemstillinga kan då vere: «Kan Ole Olsen klage på vedtaket?» Deretter er spørsmålet om det finst ein rettsregel som kan løyse problemet. Dette er også dei to første stega i rettsanvendelse: å formulere ei problemstilling, og å finne ein relevant bestemmelse. Dei må då såleis finne fvl. § 28, sitert over, og dei må finne (og bruke) definisjonen på «enkeltvedtak» i fvl. § 2 bokstav a og b, og definisjonen på «part» i fvl. § 2 bokstav e.

For å løyse rettsspørsmålet må dei deretter tolke kvar enkelt bestemmelse, og drøfte den opp mot faktum, før dei til slutt kan konkludere. Viss ein i undervisninga startar med faktiske situasjonar i form av kasus, så må studentane øve på alle desse elementa. Det er også viktig å få kvalifisert og presis tilbakemelding på arbeidskrav frå juristar, med beskjed om kva som må gjerast for å få godkjent. Då får dei øva seg på eit effektivt vis som konkretiserer dei ulike elementa i ei lovtekst. Dette siste er grunnleggande: Dei abstrakte orda i lovteksta får dermed eit konkret innhald, knytta til kasus og eksempel på korleis dei verkar. Det er også sentralt at dette er ei aktiv tilnærming til læring, noko studentane må gjere. I så måte er «learning by doing» meir enn eit slagord. Viss studentane får gjort dette med eit høveleg utval ulike kasus og lovbestemmelsar, så får dei etter kvart tak på å lese og forstå lovtekst generelt, og på juridisk argumentasjon. Dei har «knekt koden».

Har det nye opplegget nokon verdi, og fungerer det?

Det er vanskeleg å evaluere dette, mellom anna fordi opplegget skil seg så pass frå det vi gjorde før.

Ein ulempe med det nye opplegget er at det krev ein del meir ressursar. Arbeidskrava som dei får tilbakemelding på, krev ein del tid frå lærarar og innleigde juristar. Vi har fått aksept for dette.

Det nye opplegget må oppfattast å vere i samsvar med intensjonane som ligg i forskriftene, som understrekar «metode» og «anvende» juss. I så måte må øving i å «anvende» juss på kasus vere relevant. Studentane får trening i å oppdage vilkår i lovtekst, og andre viktige element, som beviskrav, vising til andre bestemmelsar, momentlister mv. Dei får trening i å tolke, og å drøfte ferdig tolka rettsregel opp mot faktiske opplysningar.

Det ligg vel også noko av verdi i øvinga i juridisk argumentasjon. Juridisk argumentasjon skil seg for så vidt ikkje frå anna argumentasjon, når det gjeld krava til å ta ei problemstilling om gongen, eller krava til pro og contra, at ein skal ta for seg motstridande argument. Men eg oppfattar at krava til systematisk argumentasjon blir så tydelege i juss, fordi juss er så eintydig dikotomisk. Svaret på eit rettsspørsmål er alltid enten ja eller nei, vilkåret er oppfylt eller ikkje. Dette gjeld for ordens skuld også for spørsmål om skjønnsmessig utmåling av ytingar, fordi desse alltid kan omformulerast til «er x beløp» nok? Svaret på dette vil vere ja eller nei. Krava til juridisk argumentasjon er viktige. Svikt i argumentasjonen for rettsspørsmål vil kunne føre til feil resultat. Eg oppfattar på denne bakgrunnen at dei klare og strenge krava til argumentasjon i juridiske spørsmål kan ha overføringsverdi til andre fag og andre spørsmål enn juss.

Vi oppfattar at resultatata av omlegginga er noko varierende. Men det er ganske mange studentar som er på eit vesentleg høgare nivå når det gjeld metode enn tidlegare år. Desse legg arbeid i faget, prøver å svare grundig på arbeidskrava, og arbeider med dei mange kasusoppgåvene som blir lagt ut for sjølvstudium.

Ein del studentar legg ikkje nok arbeid i dette, men det er jo ikkje spesielt for dette emnet eller dette opplegget. Desse får svake karakterar på eksamen, og ein del får ikkje bestått. Det einaste positive med det er at det blir tydeleg kor lite dei kan. Problemet ligg i å få desse studentane til å øve nok. Når somme berre så vidt får godkjent dei to arbeidskrava, trass i omfattande tilbakemeldingar, så seier det seg sjølv at det fort kan bli svake karakterar

eller stryk på eksamen. Eit stykke på veg må jo dette vere opp til studentane. Dei er studentar, og viss dei vel å la vere å arbeide med eit fag, så skal dette ha konsekvensar, her og elles. Bekymringa er likevel at dei skal ut og vere rettsanvendarar, med svake føresetnader for dette.

Det er mogleg at den mest verdifulle erfaringa med omlegginga er at lærarane har blitt meir merksame på kvar skoen trykker. Vi har blitt meir medvitne om kva problemet er for studentane når dei skal lære juss, og lære seg å anvende juss. Eg håper i så måte at det har kome tydeleg fram at mi erfaring er at hovudproblemet ligg i at mange av studentane ikkje forstår godt nok det som står i lovtekst, dei mange nøkkelorda/begrepa som lovtekst inneheld. Dei finn ikkje dei relevante elementa, klarer ikkje å sortere mellom dei. Tar dei ikkje for seg i tur og orden, formulerer ikkje problemstillingar, tolkar ikkje, drøftar ikkje opp mot faktum, konkluderer ikkje. Det heilt grunnleggande i dette er at dei ikkje i tilstrekkeleg grad forstår lovtekst. Det er mogleg at denne erfaringa har overføringsverdi til anna undervisning i juss.

Denne erfaringa har fått og må vidare få konsekvensar for det didaktiske opplegget. Altså korleis ein skal gå fram for å oppnå eit tilstrekkeleg og akseptabelt nivå for desse studentane som skal ut og bli rettsanvendarar. Allereie dei grepa som vart gjort i samband med omlegginga av jussundervisninga frå 2021 framstår som sentrale. Viktigast er eit kasusbasert arbeidskrav og kasusbasert eksamen. Den vidare omlegginga i 2024 til to kasusbaserte arbeidskrav, og til eksamen med fullt ut krav til drøfting, er i så måte å ta konsekvensen av kvar ein meiner at problemet ligg. Tilstrekkeleg med lærestoff til bruk i undervisning og til sjølvstudium framstår også som viktig. Vi har i så måte hatt stor nytte av å kunne bruke dei stadig nye eksamensoppgåvene vi har laga ved Høgskulen i Volda, og eksamensoppgåver som vi har hatt tilgang til frå NTNU og nasjonal deleksamen, alle med tilhøyrande sensorrettleggingar.

Vi meiner at vi ikkje får øva studentane nok. Emnet er relativt lite og kortvarig, og to arbeidskrav er ikkje mykje. Det er klart ynskjeleg om dei fekk øva meir, for eksempel med eit arbeidskrav andre året i tilknytning til meir fagspesifikk juss, barnevernsjuss og sosialrett. Kjerna i undervisninga må elles vere å vere tydeleg på desse nøkkelorda/nøkkelbegrepa i lovtekst, og at det må øvast på å identifisere dei, og å bruke dei. Det er likevel mogleg at den tvangen som ligg i fleire arbeidskrav, med tilbakemelding frå juristar, er det som må til for å få løfta fleire studentar opp på det nivået vi ynskjer dei skal ha når dei går ut i det praktiske livet.

Referansar

- Dahlen, W. & Langsrud, E. (2021). Ikke-juristers bruk av rettsregler. *Kritisk juss*, 47(3), 185–206. <https://doi.org/10.18261/issn.2387-4546-2021-03-04>
- Emneplan barnevernspedagog ved Høgskulen i Volda våren 2020: *SABVP112 Individ velferdssamfunn*: <https://www.hivolda.no/emne/SABVP112/6531>
- Emneplan felles jussemne barnevernspedagog og sosionom ved Høgskulen i Volda våren 2024: *SAFE153 Juridisk metode og velferdsrett*. <https://www.hivolda.no/emne/SAFE153/10225>
- Emneplan sosionom ved Høgskulen i Volda våren 2020: *SASOS112 Individ og velferdssamfunn*: <https://www.hivolda.no/emne/SASOS112/6540>
- Farsesthås, H. C. (2021). Om råd, tips og veiledninger til praktiske juridiske oppgaver. *Jussens Venner*, 56(1–2), 27–50. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-3126-2020-01-02-02>
- Forskrift om nasjonal retningslinje for barnevernspedagogutdanning, FOR-2019-03-15-398, sett i verk 1.7.2019, med verknad frå opptak til studieåret 2020–2021.
- Forskrift om nasjonal retningslinje for sosionomutdanning, FOR-2019-03-15-409, sett i verk 1.7.2019, med verknad frå opptak til studieåret 2020–2021.
- Forskrift til rammeplan for barnevernspedagogutdanning, FOR-2005-12-01-1377, sett i verk 1.12.2005.
- Forskrift til rammeplan for sosionomutdanning, FOR-2005-12-01-1378, sett i verk 1.12.2005.
- Kane, A. A. (2020). NAVs begrunnelser av enkeltvedtak. *Tidsskrift for velferdsforskning*, 21(4), 313–329. <https://doi.org/10.18261/issn.2464-3076-2018-04-03>
Rt-1982/764.
- Skeidsvoll, K. J. (2024). E-post 30. april 2024 med eksamensresultata frå nasjonal deleksamen i juss for masterane i barnevern og barnevernsarbeid.
- Studieplan barnevernspedagog ved Høgskulen i Volda hausten 2019: <https://www.hivolda.no/studieplaner/2019/BVPBV/Haust>
- Studieplan barnevernspedagog ved Høgskulen i Volda hausten 2023: <https://www.hivolda.no/studieplaner/2023/BVPBV/Haust>
- Studieplan sosionom ved Høgskulen i Volda hausten 2019: <https://www.hivolda.no/studieplaner/2019/SOSBV/Haust>
- Studieplan sosionom ved Høgskulen i Volda hausten 2023: <https://www.hivolda.no/studieplaner/2023/SOSBV/Haust>

